



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for februar 2012.

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Årgang 47



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Magnar Hatløy
Visepres:	Jarle Kristiansen
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Vigdis Riise
Styremedlem:	Karin S. Holstad
Styremedlem:	Øystein Alme
Ansv.red.:	Aage Nytun
Referent:	Sverre Bjåstad

Fødselsdagar i februar:

Aagot Riise	05. februar
Jan Håvard Nytun	16. februar
Sigurd Lynge Bigset	21. februar
Runar Haddal	27. februar

Frammøteporsent februar:

Februar.

*Det er februar.
Det er ikke vinter, ikke vår,
heller ikke de andre årstidene.
Februar er en mellomtilstand.*

*Litt grå – litt vinter.
Jula er bak.
Påske ligger foran.
Sommeren enda lengre borte.
Nå er vi her.*

*Er ikke livet også slik?
Ikke alltid de store, konkrete hendelsene.
Ofte noe imellom.
Vi lever da også.
Det er da vi formes.
Da spinner tråder i vår livsnev.
Hold øye med innslagene –
også i "februar" ...*

Eva Lis Evertsen

Måndag 6. februar.

Program: Tussa Kraft med tyngde på IKT.

Ivar Driveklepp (adm dir i Tussa IKT) og Olve Øyehaug (prosjektleiar for fibersatsinga) var invitert til å orientere.

Ivar Driveklepp orienterte om firmaet, eit firma som siste tida har fått mykje kritikk etter at kundane miste straumen i lange periodar som følgje av romjulsorkanen 2011.

Tussa Kraft er delt i 6 underavdelingar, mellom anna Tussa Energi og Tussa IKT. Driveklepp konsentrerte seg vidare om Tussa IKT. Viktigast no er levering til private (fibersatsing).

Det er lett for dei å få arbeidskraft. Det er populært å jobbe i Tussa IKT. Med 43 tilsette er dei størst i fylket. Firmaet femner om 7 kommunar på Søre Sunnmøre og har 7100 internettkundar som utgjer 53% av marknaden.

Fibersatsinga er ei hovudsatsing. Tussa IKT reknar med underskot dei første åra. Men tenkjer langsiktig over 20 år. Optimistisk på framtida. Ambisjonane for 2014 er 10 000 kundar, 60% av kundane på fiber.

Olve Øyehaug supplerte så med meir detaljar om den framtidsretta storsatsinga til Tussa IKT. Dei har satsa på Get som TV-leverandør og er så langt nögde med det.

På Søre Sunnmøre byggjer dei seg no opp til 5000 fiberkundar og 2000 HFC (hybrid/ fiber/ coax).

Måndag 13. februar.

Program: Fartsleia langs kysten i gamle dagar.

Roald Sporstøl tok oss med i eit historisk tilbakesyn om kva båtane og fartsleia har betydd for kommunikasjon og utvikling dei siste tusen åra. Nordbuane har utvikla lærdom med mange land. Frå Det kaspiske hav i aust, Middelhavet i sør og Amerika i vest.

Sporstøl hadde sjølv sett eit skip på Sicilia som likna på vårt Osebergskip. (**Osebergskipet** er eit vikingskip som blei bygd på sørvestlandet i år 820 og funne i [Oseberghaugen](#) ved [Tønsberg 10. august 1903](#)).

Han fortalte om båttypene før vikingtida, og kunne dra likskap med Kvalsund-skipet som stammar frå den tida. Han meinte at dette funnet ikkje har kome nok fram i lyset. Kunne m.a. fortelje at han i nyare litteratur frå England fann beskrivingar av Kvalsundskipet som eit tidleg skip frå si epoke. (**Kvalsundskipet** (også kjent som *Kvalsund 2*) er eit reitt [roskip](#) (eit lite [langskip](#) utan [mast](#) og [råsegls](#)) som blir tidfesta til ca. år [690](#) (+/- 70 år). Skipet blei funne i ei [myr](#) på garden [Kvalsund](#) i [Herøy](#) kommune i [1920](#), saman med ein mindre robåt kalla [Kvalsundfæringen](#)).

Vidare tok han oss med om utviklinga av skip frå vikingtida og fram til middelalderen ca år 1500. Vi fekk kjennskap til ulike båttypar; vikingskip, jekter, knarrar og kutterar for å nemne nokre.

Med dei store skogane langs kysten og hogsten av dei på 1700- og 1800-talet, skjedde ei stor utvikling av trebåtane heilt fram til engelskmennene kom med stålskip og dampmaskin som revolusjonerte båttrafikken.

I sum eit svært interessant foredrag av ein som kunne stoffet godt.

Måndag 20. februar.

Program: Fuglelivet rundt Grimstadvatnet.

Foredraget vart halde av Alv Ottar Folkestad. Han tok oss med på ei historisk vandring om utviklinga av fuglelivet ved Grimstadvatnet. Han vart tidleg interessaert i det rike fuglelivet som rådde her på 50- og 60-talet. Han flytta til Hareid i -67 då han fekk lærarjobb her. Men før den tida hadde han ofte budd periodevis her hos onkel og tante på Grimstad og nytta høvet til å forske på fuglelivet i myrområdet rundt Grimstadvatnet.

Striden om Grimstadvatnet mellom bønder og ”fugleelskarar” enda opp med eit fredingsområde. Ein bygde på det rike fuglelivet og plantelivet ved og i vatnet.

Den nye rotarystien ligg nær til naturreservoaret. Den er populær og gjer at langt fleire enn før no kjem ut i naturen og med det næra-re fuglelivet. Det er svært positivt.

Alv Ottar Folkestad kom inn på dei ulike fugleartene som finst her og nemnde spesielt: fossekall, sivender, stokkender, krikender, toppender, spove, skoddefole (enkelbekkas) og raudstilk (som er nesten heilt vekk no). Lom er ikkje att.

På 60-talet var myrane dominert av måse og vipe. Dette har endra seg no. Trass reduksjon er det framleis nær 300 artar att.

Måndag 27. februar.

Programfritt.